

## Frå Ramnafløke til Vamp

I år 869 drog Fløke Vilgerdsson frå garden Smørsum i Sveio i versterveg for å finna Snøland, eller Garðarshólm som det også vert kalla. Fløke, som seinare har fått namnet Ramnafløke, låg på Ryvardsneset i påvente av seglingsbør. Fløke heldt så eit stort blot for trolla kraft i dei tre ramnane, som skulle visa han vegen. Deretter bygde han ein varde på Ryvardsneset, før dei la i veg mot vest.

Ramnafløke si reise er dokumentert i Landnàmabòk frå Island, og historia er eldre enn den meir kjende "Snorre". Varden som Fløke bygde før han reiste, fekk etter kvart namnet Ryvarden, og er truleg den eldste kjende varden på kysten vår. Fløke fann ved hjelp av ramnane landet, og gav det namnet Island



I 1849 vart den første fyrykta tend på Ryvarden. I 1984 vart fyrtasjonen automatisert. Dei fastbuande flytta frå Ryvarden, men avfolka kan me vel ikkje seia at Ryvarden er. I 1992 opna Galleri Ryvarden. Kulturfyret vart ein suksess og vert årleg besøkt av 30 - 35000 menneske.

Om fleire kapittel skulle vore skrive om Ryvarden i dag, ville Vamp fått ein sentral plass. Den kjende gruppa frå Haugesund har spela inn fleire av platene sine her ute. Og kvar kan det vel passa betre å lytta til "Tir n'a noir" enn nettopp her...



## Kontakt informasjon

**Postadresse:** P.b. 40, 5559 Sveio  
**Telefon:** 53 74 80 00  
53 74 00 41 - i galleriets opningstid  
Søndagar og helgedagar 11 - 17  
Utvila opningstider om sommaren

### Kontaktperson

Kulturfyrvoktar -  
Gunn Bente Håvardsholm  
**Mobil:** 95 19 58 00

**Internett:** [www.ryvarden.no](http://www.ryvarden.no)  
**E-post:** ryvarden@sveio.kommune.no



Ryvarden  
Kulturfyr

- der hav møter himmel



Velkommen  
til storlåtte natur-  
og kulturopplevingar



[www.ryvarden.no](http://www.ryvarden.no)

# Ryvarden Kulturfyr

Å besøkja Ryvarden utan å kjenna at kreftene i naturen påverkar kropp og sjel er umogeleg. Ryvardsneset strekkjer seg ut i havet, som for å bera deg lengst mogeleg ut til den sterke opplevinga av møte mellom hav og himmel. Om hauststormane herjar og du nærast må leggja deg på vinden her ute, eller om havet ligg blikk stille, kryp inntrykka inn under huda og blir der.

Du kan rusla den halvtimes turen ut for trimmen og naturopplewinga sin del, eller du kan få med deg kunstutstilling i galleriet og nyta nysteikte vaflar. Du kan til og med få oppleva å bu her ute i havgapet, og frå vindauge vil du ha panorama med himmel og hav i tre retningar. Kva du enn vel, vert det ei unik opplewing. Me ønskjer deg hjarteleg velkommen!



## Galleriet og Galleributikken



I Galleriet er det kunstutstillingar med høg kvalitet. Første søndag kvar månad vert ny utstilling opna. I Galleributikken sel me bruks- og biletkunst. Her kan du kjøpa kvalitetsprodukt til deg sjølv eller gaver.



## Kafèen

I kafèen kan du få varmen i deg på kalde dagar, med kaffi eller te og nysteikte vaflar. Me har også annan matservering. Ta deg tid til ei god matopplewing etter spaserturen ut, og få påfyll til turen heim.


## Selskapslokale, kurs og konferanse

Skal du arrangera seminar, møte eller kurs? Kva med ei fantastisk naturopplewing på kjøpet? Frå møtelokalet på Ryvarden opplever deltakarane storstått panoramautsikt i alle retningar. Ein er innomhus, men opplever likevel å vera i naturelementa. Dette vil gje kurset, seminaret eller møtet ein ekstra dimensjon som gjester, medarbeidarar og forretningskontaktar garantert vil setja pris på. I samband med kurs og arrangement har de sjølvsagt høve til å køyra heilt ut til fyret. For mindre grupper anbefaler me møte med overnatting. Å vakna på Ryvarden skapar eit godt utgangspunkt for gode diskusjonar og vedtak. I tillegg til møtelokalet har me også grupperrom som kan nyttast. Me tilbyr servering etter nærmare avtale på arrangement. Me kan servera inntil 50 personar.



## Overnatting

I fyrmeisterbustaden tilbyr me overnatting for inntil 8-10 personar. Bustaden vart oppgradert i 2007, og har god standard. Her kan du kjenna fyrlivet på kroppen. Med naturen tett på, ulande vind rundt hushjørna, piskande regn på ruta eller sol frå høg himmel, kan du nyta fred, ro og barsk natur. Ei gāve for kropp og sjel.



## Kunstnaroppphald

Er du kunstnar og kan tenkja deg arbeidsopphald på Ryvarden? Du bur i fyrmeisterbustaden og disponerer atelier i nabohuset. Sjå nettsidene våre for nærmere informasjon og søkeradsprosedyrar.

